



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
14.10.2016  
Dykkar dato  
27.09.2016

Vår referanse  
2016/12443 421.3  
Dykkar referanse  
16/1217

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - kommunal planstrategi 2016 - 2020 - uttale

Fylkesmannen viser til brev av 27.09.16 og melding om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi 2016 – 2020. Frist for uttale er 27.10.16.

Føremålet med planstrategien er å avklara kva for planoppgåver kommunen bør starta opp med, revidera eller vidareføra dei neste fire åra og for å leggja til rette for ei ønskt utvikling i kommunen.

Planstrategien er eit krav til kommunane etter plan- og bygningslova (pbl) § 10-1. Kommunal planstrategi skal setje søkelys på dei planoppgåvene det er behov for å starte opp eller vidareføre.

Fylkesmannen legg til grunn at nasjonale forventingar til kommunal planegging og statlege planføresegner og retningslinjer vert lagde som føresetnader for utarbeiding av strategien. Dei nasjonale forventningane omhandlar følgjande tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, miljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekst

Desse hovudtema i dei nasjonale forventningane bør drøftast i planstrategien. I tillegg bør planstrategien romme ei skildring av utviklingstrekk og noverande situasjon i kommunen, jf. pbl § 10-1 første ledd andre pkt.

#### Strandsona

Fylkesmannen saknar strandsona på lista over tema som skal drøftast i planstrategien. Dei nasjonale forventningane legg til grunn at kommunane skal vurdere arealbruken i strandsona langs sjøen i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og at det skal takast særleg omsyn til natur, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona skal leggjast til grunn for planlegginga. Vi rår kommunen til å drøfta kva slags strategi dei vil nytta for å forvalta

attverande urørt strandsone, og for å unngå ei vidare massiv nedbygging av strandsona gjennom private detaljplaner.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Samfunnstryggleik er eitt av tema som må drøftast i ein planstrategi. Sivilbeskyttelseslova § 14 pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse for uønskte hendingar som kan skje i kommunen. Med utgangspunkt i denne skal ein også utarbeide ein beredskapsplan etter lova § 15. Kommunen si plikt til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er vidare detaljert i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Som ein del av denne plikta skal ein vurdere om det er forhold knytt til samfunnstryggleik eller beredskap som må integrerast i dei kommunale prosessane eller planane etter plan- og bygningslova, jf. forskrifta § 3b. Som eit minimum må den lovpålagde ROS-analysen etter sivilbeskyttelseslova § 14 og beredskapsplanen etter § 15 omtalast i planstrategien.

### **Folkehelse**

Helsefremjande arbeid skal prioriterast høgare i alle samfunnssektorar. Føresetnaden for eit berekraftig samfunn med ei berekraftig helse- og omsorgsteneste, er at samfunnet klarer å prioritere førebyggjande og helsefremjande tiltak no. All kommunal planlegging må ha som mål å bidra til det.

I folkehelselova står det at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Kommunen skal særleg vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller utvide sosiale skilnader i helse. Denne oversikta skal etter folkehelselova § 6 inngå som grunnlag for arbeidet med den kommunale planstrategien. Der heiter det vidare at ei drøfting av folkehelseutfordringane i kommunen bør inngå i strategien.

I hefte «*IS-0333 Folkehelse og kommuneplanlegging. Moment og tipsliste*» er aktuelle tema utdjupa. Heftet fungerer godt som sjekklister og er eit nyttig hjelpemiddel i alle fasar av planprosessen. Fylkesmannen rår til å bruka dette aktivt i planlegginga.

### **Friluftsliv**

Friluftsliv er viktig for trivsel og god helse. I mars 2016 vart Meld. St. 18 om friluftsliv godkjent i statsråd. Hovudmålet er at befolkninga skal drive med friluftsliv jamleg. For arbeidet med planstrategien vil Fylkesmannen understreke regjeringa si oppmoding til kommunane om å utarbeide grønstrukturplanar i sentrumsområde. Tilhøvet til fysisk aktivitet i kvardagen er viktig for alle, og nærområda er særleg viktige for barn og eldre. Å ta vare på desse interessene kan vere utfordrande, fordi dei lett kjem i konflikt med andre ønskjer for dei aktuelle areala.

### **Massehandtering**

Vi saknar fokus på massehandtering i planstrategien og problemstillingar knytt til dette emnet. Grunna bygging av E39 Flatøy, vil vegføringa sannsynlegvis gje nye og store utfordringar i samband med handtering av overskotsmassar. Det er difor viktig at planstrategien omtalar det, slik at omsyn til landskap og andre verdiar i kommunen vert ivaretekne på ein god måte. Vi har ikkje andre merknader til planstrategien slik den ligg føre.

Vi vil til slutt rå kommunen til å ta i bruk rettleiar T-1494 som gjeld utarbeiding av kommunal planstrategi i den vidare prosessen.

Fylkesmannen ønsker lykke til med vidare arbeid!

Med helsing

Laila P. Kaland e.f.  
seniorrådgjevar

Jan Vidar Voster  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*